

Til Hovudutval for kultur, idrett og integrering
V/ leiar KULII

Skriftleg spørsmål til KULII 28/4-21

Jølster hotell

Jølster hotell er eit hotell bygd i sveitserstil i tre etasjar og oppført i 1888. Hoteller har også vore pensjonat og no sist nytta til asylmottak i to periodar, no sist i perioden 2010 – 2017. Magne Støfring kjøpte hotellet etter nedlegginga av asylmottaket og selde hotellet til Coop. Eigedomssjefen i Coop seier at det ikkje er klart om dei riv hotellet eller bygger om til butikklokale. Fylkeskommunen har god kjennskap til kulturminneverdien av hotellet og har tidlegare kome med råd til istandsetting og tilstandsvurdering av hotellet. Ein av tidlegare eigarar har også søkt Norsk Kulturminnefond om midlar, men fekk avslag. Fagpersoner har uttalt til avisa Firda nyleg om at hotellet i hovudsak er i god stand.

Nyhenda om at hotellet er selt til Coop har vekt reaksjonar og bekymring lokalt, regionalt og nasjonalt. Raudt er bekymra for at eit slikt kulturminne risikerer å bli rive til fordel for lokale med ei anna utforming som tradisjonelle butikklokale på ei sentral tomt på Vassenden.

Spørsmål:

1. Korleis kan fylkeskommunen i samarbeid med Sunnfjord kommune påverke ny eigar til å ivareta den gamle delen av hotellet istaden for å rive hotellet?

Med helsing
Terje Kollbotn
Utvalsmedlem (R)